



Vatn kan hentaast ein stad ovanfor brua. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På bakgrunbn av at bygda treng meir vatn vinterstid vurderer Uskedal Vassverk Uskedalselva som reservekjelde i vintermånadane. Vassverket ber difor om at vatnet ikkje på nokon måte vert kvalitetsmessig forriga av det planlagte sandtaket.

Dette skriv styreformann Hans Reidar Kjærland i ei uttale til sandtakplanane.

Han slår fast at eit utslepp i den perioden dei treng drikkevatt vil øydeleggja elva som reservekjelde. Saka har vore styrebehandla i vassverket og Kjærland konstaterer at dei slit med å finna nok vatn i Eikeelva i dei kalde og turre periodane. Eit godt eksempel er den vinteren vi har hatt i år og siste gong det var ein liknande situasjon var vinteren 2006.

Vassverket har i lang tid sett på ei reservevasskjelde og har tre alternativ i tillegg til Eikeelva:

- * Tverrelva i grensa mellom Kjerland og Haugland.
- * Børsdalselva som ligg i grensa mellom Døssland og Haugland.
- * Uskedalselva.

Dei to første alternativa er utan tvil dei som det vil kosta mest å byggja ut, det er snakk om over 10 millionar. Fra Uskedalselva er det mogeleg å henta vatn ein stad ovanfor brua. Der er vatnet vinterstid av ein kvalitet at det eignar seg for reinsing med UV. Det vil seia at vatnet anten må reinsast på staden med UV eller pumpast opp i anlegget på Eik for behandling.

Alt dette kan skje innanfor ein fornuftig kostnad og alternativet har vore diskutert med Mattilsynet som den beste løysinga, opplyser Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen